



Hordaland Teater LL  
Teatergaten 35  
5010 BERGEN

Dato: 06.11.2017  
Vår ref.: 2016/9439-21  
Dykkar ref.:

## Partsbrev - Handlingsplan - Selskapskontroll av Hordaland Teater LL

Vedlagt følgjer partsbrev i sak PS 115/17 Handlingsplan – Selskapskontroll av Hordaland Teater LL etter møte i kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune 30.10.2017 der det vart gjort slikt vedtak:

3. *Kontrollutvalet ser positivt på det arbeidet som styret/dagleg leiar har sett i gang i høve selskapskontroll av **Hordaland teater LL**.*
4. *Kontrollutvalet anmoder om å få ny oppdatert status i form av skriftleg tilbakemelding innan 01.07.2018. Tilbakemeldinga bør også innehalde dokumentasjon som viser kva som er gjort i praksis på kvart av forbetringspunkta.*

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Roald Breistein  
utvalgssekretær

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*

Arkivnr: 2016/9439-17  
Saksbehandlar: Roald Breistein

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet	115/17	30.10.2017

### Handlingsplan - Selskapskontroll av Hordaland Teater LL

#### Bakgrunn for saka:

Fylkestinget gjorde slikt vedtak i møte 13.06.2017 i samband med handsaming av selskapskontroll av Hordaland Teater LL:

På bakgrunn av gjennomført selskapskontroll av Hordaland Teater LL ber fylkestinget **fylkesrådmannen** syta for å:

1. Sikre etterleving av vedtak og retningsliner for val av styremedlemmar, og kriteria som er etablert for vurdering av kandidatar for styreverv.
2. Tydeleggjere korleis eigarføringer skal bli vidareformidla og følgt opp overfor selskapa.
3. Sikre at deltaking på generalforsamling blir avklart i tilstrekkeleg tid slik at eigarrepresentanten kan førebu seg, og få nødvendig innspel og informasjon fra kontaktpersonen i fylkeskommunen.
4. Etablere rutinar, basert på ei vurdering av risiko og vesentlegheit, som sikrar at fylkeskommunen gjennom tydelege krav til rapportering og/eller gjennom eigne kontrollar kan etterprøve at krava til tilskota blir etterlevd av tilskotsmottakar.
5. Laga ein prioritert handlingsplan innan 1.10.2017 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

På bakgrunn av selskapskontroll av **Hordaland Teater LL** ber fylkestinget styret syta for å:

1. Gjennomgå styrande dokument og instruksar og sikre at desse er eintydige og bygger opp under den organisasjonsmodell som teateret ønskjer.
2. Sikre etterleving av styreinstruks i styret, dette omfattar styreevaluering for å vurdere både behov for kompetanse og eventuelle forbetringer i styrearbeidet.

3. Ha ei risikostyring som er tilpassa føremålet for verksemda.
4. Gjennomgå behovet for overordna rutinar (basert mellom anna på risikovurderinga) i lys av endringane selskapet står overfor. Revisjonen vil spesielt peike på utarbeiding eller forbetring av rutinar innanfor følgjande område:
  - Økonomi
  - offentlege anskaffingar
  - personalområde
  - handsaming av avvik
5. Laga ein prioritert handlingsplan innan 1.10.2017 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for i verksettinga.

Drøfting:

Kontrollutvalet har eit særskilt ansvar for å følgje opp at fylkestinget sine vedtak i samband med handsaming av rapportar om forvaltingsrevisjon vert følgd opp. Det vert vist til «Forskrift om kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner» § 12 «Oppfølging av forvaltningsrevisjoner» der det står dette:

*«Kontrollutvalget skal påse at kommunestyrets eller fylkestingets vedtak i tilknytning til behandlingen av rapporter om forvaltningsrevisjon følges opp.*

*Kontrollutvalget skal gi rapport til kommunestyret eller fylkestinget om hvordan kommunestyrets eller fylkestingets merknader til rapport om forvaltningsrevisjon er blitt fulgt opp. Det skal også rapporteres om tidlige saker som etter utvalgets mening ikke er blitt fulgt opp på en tilfredsstillende måte.»*

Vi legg til grunn at dette ansvaret også gjeld for revisjonsrapportar om selskapskontroll.

**Vi har på bakgrunn av vedtaka i fylkestinget i juni har sekretariatet motteke tilbakemelding frå fylkesrådmannen dagsett 13.10.2017 og frå Hordaland Teater LL dagsett 29.09.2017. Begge tilbakemeldingane ligg ved.**

Tilbakemelding frå fylkesrådmannen:

Sekretariatet ser positivt på det arbeidet som er starta opp av fylkesrådmannen i samband med selskapskontroll av Hordaland Teater LL. Av handlingsplanen går det fram at punkt 4 i vedtaket er ferdig gjennomført medan oppdatert status på punkt 1, 2 og 3 vil vera ferdig i løpet av 2018. På bakgrunn av dette bør kontrollutvalet be om ny oppdatert status i form av skriftleg tilbakemelding innan 01.07.2018. I denne tilbakemeldinga bør også kontrollutvalet be om å få tilsendt dokumentasjon som viser kva som er gjort i praksis på kvart av dei tre forbetringspunkta.

Tilbakemelding frå Hordaland teater LL:

Sekretariatet ser positivt på det arbeidet som er starta opp av styret/dagleg leiar i samband med selskapskontroll av Hordaland Teater LL. Av handlingsplanen går det fram at forbetringane vil vera ferdig gjennomført innan første halvår 2018. På bakgrunn av dette bør kontrollutvalet anmode om ny oppdatert status i form av skriftleg tilbakemelding innan 01.07.2018. I denne tilbakemeldinga bør også kontrollutvalet be om å få tilsendt dokumentasjon som viser kva som er gjort i praksis på kvart av forbetringspunkta.

Konklusjon:

Det vert tilrådd at kontrollutvalet ser positivt på det arbeidet som **Fylkesrådmannen** har sett i gang i høve selskapskontroll av Hordaland teater. Det vert også tilrådd å be om at fylkesrådmannen kjem med ny skriftleg oppdatert status på forbetningsarbeidet i høve punkt 1, 2 og 3 innan 01.07.2018. Tilbakemeldinga

bør også innehalde dokumentasjon som viser kva som er gjort i praksis på kvart av dei tre forbetringspunkta.

Det vert vidare tilrådd at kontrollutvalet ser positivt på det arbeidet som styret/dagleg leiar har sett i gang i høve selskapskontroll av **Hordaland teater LL**. Det vert også tilrådd at kontrollutvalet anmoder om å få ny oppdatert status i form av skriftleg tilbakemelding innan 01.07.2018. Tilbakemeldinga bør også innehalde dokumentasjon som viser kva som er gjort i praksis på kvart av forbetringspunkta.

#### **Forslag til vedtak**

1. Kontrollutvalet ser positivt på det arbeidet som **Fylkesrådmannen** har sett i gang i høve selskapskontroll av Hordaland teater LL.
  2. Kontrollutvalet ber fylkesrådmannen å komme med ny skriftleg oppdatert status på forbetningsarbeidet i høve punkt 1, 2 og 3 innan 01.07.2018. Tilbakemeldinga bør også innehalde dokumentasjon som viser kva som er gjort i praksis på kvart av dei tre forbetringspunkta.
- 
1. Kontrollutvalet ser positivt på det arbeidet som styret/dagleg leiar har sett i gang i høve selskapskontroll av **Hordaland teater LL**.
  2. Kontrollutvalet anmoder om å få ny oppdatert status i form av skriftleg tilbakemelding innan 01.07.2018. Tilbakemeldinga bør også innehalde dokumentasjon som viser kva som er gjort i praksis på kvart av forbetringspunkta.

#### **Saksprotokoll i kontrollutvalet - 30.10.2017**

#### **Handsaming i møte**

For å lettare kunne halde vedtaka frå kvarandre, vert vedtaket som gjeld **Hordaland Teater LL** nummerert som nr. 3 og 4.

Med denne endringa i nummereringa vart forslag til vedtak samrøystes vedteke.

#### **Vedtak**

1. Kontrollutvalet ser positivt på det arbeidet som **Fylkesrådmannen** har sett i gang i høve selskapskontroll av Hordaland teater LL.
  2. Kontrollutvalet ber fylkesrådmannen å komme med ny skriftleg oppdatert status på forbetningsarbeidet i høve punkt 1, 2 og 3 innan 01.07.2018. Tilbakemeldinga bør også innehalde dokumentasjon som viser kva som er gjort i praksis på kvart av dei tre forbetringspunkta.
- 
3. Kontrollutvalet ser positivt på det arbeidet som styret/dagleg leiar har sett i gang i høve selskapskontroll av **Hordaland teater LL**.
  4. Kontrollutvalet anmoder om å få ny oppdatert status i form av skriftleg tilbakemelding innan 01.07.2018. Tilbakemeldinga bør også innehalde dokumentasjon som viser kva som er gjort i praksis på kvart av forbetringspunkta.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Roald Breistein  
utvalgssekretær

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*

Vedlegg

- 1 Selskapskontroll Hordaland Teater, ref 2016\_9439-14
- 2 Svar frå fylkesrådmannen Selskapskontroll Hordaland Teater LL